

Om grensesetting i skulemøte

24.02.2012



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er vert for viktig temamøte 8. mars (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag 8. mars blir det møte om eit interessant tema ved Uskedalen oppvekstsenter. Temaet er grensesetting og møtet er for føresette både i skulen og barnehagen.

Kvitfor og korleis det skal setjast grenser er spørsmåla som blir stilt og dei som skal svara på dei er Anne Margrete Vangsnes og Lisbeth Teigen Røssland som er PMTO-instruktørar i kommunen.

PMT er ei korkorting av Parent Management Training Oregon.

Dette er ein metode som har synt seg å vera virkningsfull i barneoppdragelse og ved grensesetting,

Føredragshaldarane nyttar metoden som verktøy i eige arbeid, opplyser verksemdsleiar (rektor) Marie Elisabeth Kaldestad.

Ho vonar at det kjem mange på møtet.